

Møtereferat

Dato: 18.12.2017

Emne:	Referat frå møte 04.10.2017 – opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar	
Til stades:	Janne Lisen Ringdal Strøm, Kari Spilsberg, Siren Marit Dahl, elev Cynthia Robles, elev Kristin Marie Sæbø, Håkon Sjursen, Jannicke Rasmussen, Marit Virkesdal, Kristine Taule, Siren Dahl, Rune Stadnes Utd.f., Audun Bjelland	
Forfall:	Nina Ludvigsen	Sak: 2017/15373-3
Møtetid:	13.00-15.30	Møtestad: Fylkesbygget, rom 616

Møteleiar: Janne Lisen Ringdal Strøm

Referent: Venke Barrikmo

1. Presentasjon av tilbodet på avdeling Kyrre, avdeling Valekrossen og Sykehusundervisningen. (15-20 minutt på kvar)

BERGEN KATEDRALSKOLE, [avd. Kyrre](#)

Avdelingsleiar Kari Spilsberg gir ein generell informasjon om avdelinga.

- **Kven er målgruppa?** Elevar som ønskjer studiespesialiserande utdanningsprogram. Det er ikkje tilbod om fag til val. Elevane må ha ein behandler i psykisk helsevern, og behandler må samarbeide med skulen.
- **Korleis skjer inntaket?** Kven deltek i inntaket, kva for informasjon ligg føre ved inntak, og kor hyppig skjer inntak?. Tidlegare har inntaket skjedd i samarbeid med NAV, men det er inga forlenging av avtale med NAV om vaksne søkerar. Avdelinga ønskjer vaksne søkerar pga skulemiljøet. Det blir vist til Kvalitetssystemet – der ligg inntaksreglane for Kyrre. Alle elevar er delkurselevar, med opp til 22 timer pr veke. Avdelinga har ikkje ei organisering med klassar, men kvar elev har eigen timeplan, med langsiktig mål om studiekompetanse. Det har vore søkerar rett frå 10. klasse, men det er ikkje primærmålgruppa. Eleven si helse er avgjørande for deltaking i tildelte timer.
- **Innhaldet i opplæringa (programfag m.m.)?** Språk -og samfunnsfag. Tre programfrag innan arkitektur og design.
- **Korleis vert undervisninga lagt opp med tanke på elevane sine psykiske vanskar? Tall elever, gjennomstrømming?** Kor lenge kan dei vere i tilboden, kor går dei vidare? Avdelinga har 111 elevar, og har i underkant av 25 % sluttarar. Avdelinga har ein avdelingsleiar i 100 % stilling, ein rådgivar i 50 % stilling, 12 lærarar, ein miljørabbeidar, ein førstekonsulent og ein IKT-ansvarleg.
- **Anna som det er relevant å informere om.** Kva er spesielt med avd Kyrre? Elevmedverknad: Eleven føler seg sett, verdsett og ivaretatt. Elevrepresentantar set ord på eit inkluderande miljø, fordi alle er i same båd og difor stor forståing for kvarandre sin situasjon. Eleven kan difor tillate seg å vise seg sårbar. Dei har ikkje opplevd mobbing på skulen. Avdelingsleiar understrekar stor fleksibilitet i vurderingsformer, og ATV informerer om tysdagsmøter, der enkeltelevar vert diskutert. Dette fordi alle lærarane skal vere oppdaterte på kvar elev.

KVINNERAD VGS., [avd. Valekrossen](#)

Avdeling Valekrossen blir presentert av rektor Audun Bjelland

Avdeling Valekrossen ligg plassert på Valen sjukehus. Tilboden vart oppretta i 1987, og målgruppa var vaksne i psykiatrien. Den gong var snittalderen på 47 år. I 1992 vart avdelinga ein del av Hordaland fylkeskommune, og ein del av vidaregåande opplæring frå 2000-talet. Det er fylkeskommunen som dekkjer utgifter til lærarane og undervisningsmateriell.

- **Kven er målgruppa?** Primært søkerar med ungdomsrett, utan fullført utdanning. I tillegg søkerar med hol i utdanninga.
 - Elevar med angst, depresjon, autisme, Asperger – elevar underlagt tvungen psykisk helsevern.
- **Korleis skjer inntaket?** Kven deltek i inntaket, kvar for dokumentasjon ligg føre, og kor hyppig skjer inntaket? Informasjon frå DPS, behandlerar og hjelpeapparat. Frist som hovedopptak 1. mars. Dersom det er plass, skjer supplerande opptak gjennom året. Akyolina Samara (opplæringsavdelinga) er samarbeidspartner i opptaket.
- **InnhalDET i opplæringa** (programfag m.m.)? I tillegg til fellesfag på Vg1 og Vg2, tilbyr avdelinga programfag frå bygg og anleggsteknikk. Elevane kan ta enkelte fag. Avdelinga tilbyr òg programfag – visuelle kunstfag. Det er eit tett samarbeid med hovudskulen.
- **Korleis vert undervisninga lagt opp med tanke på elevane sine psykiske vanskar? Tall elever, gjennomstrømming?** Det blir meldt om eit trygt læringsmiljø, der den enkelte får tett oppfølging. Kvar elev har sin kontaktlærar, og får ein individuell timeplan. Undervisninga skjer i små og mindre grupper, men nokre elevar har eigne tilbod. Det sosiale står sentralt. Målet for elevane er anten å gå ut med vitnemål eller bli ført tilbake til hovudskulen. Det er for tida 28 elevar, noko som er ei lita auke frå i fjar. Rektor understrekar at ungdom som er tvangsinngått på institusjon, har eit därleg tilbod om utdanning samanlikna med innsette i fengsel.
- **Tall elever, gjennomstrømming?** Kor lenge kan dei vere i tilboden, kor går dei vidare?
- **Anna det er relevant å informere om.** Det kan vere ein fordel at lærarane vekslar mellom Valekrossen og hovudskulen. No er det fire lærarar som er knytta til Valekrossen. Rammebudsjettet ligg på Valekrossen, og i nokre tilfelle ekstra ressursar til enkeltelevar.

NORDAHL GRIEG VGS., AVD. [Sykehusskolen](#)

Avdelingsleiar Håkon Sjursen presenterer Sykehusskolen

Kven er målgruppa? Elevane er dei som primært klarer å komme seg til sjukehusskulen sjølve. Sykehussundervisningen var slått saman med NGV i 2010, og samla tre tidlegare lokasjoner. Sammenslått med NGV 2010, og samlet tre tidligere lokasjoner. [Helse Bergen har lokale, HFK innhald](#). § 6 *Barns rett til undervisning i helseinstitusjon* (Lov om pasient og brukerrettigheter). Tett samarbeid med OT. Det er stort spenn i alder – frå førskuleborn til ungdom opp til 20 år. [Opp.I § 13-2. Plikt for fylkeskommunen til å sørge for grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring i institusjonar etter barnevernlova](#) Det er òg eit samarbeid med Sandviken sjukehus og rusbehandling i Kalfaret. Det ligg føre ei samarbeidsavtale mellom Helse Bergen og HFK om sjukehusundervisninga.

- **Korleis skjer inntaket?** Kven tek del i inntaket, kva for dokumentasjon ligg føre og kor hyppig skjer inntak? Pasientar må ha eit opphold av ei viss lengd før dei får tilbod om undervisning.t. Målgruppa er dei kronisk sjuke og pasientar med lang liggetid. Primært er det pasientar frå psykiatrien, men òg dei alvorleg sjuke i somatikken. Status som døgnpasient er eit krav. Etter 5 dagar i institusjon, så treng sykehussundervisning minst ein dag for å kunne ta imot eleven. Tilmeldingsskjema må sendast..

- **Innhaldet i opplæringa** (programfag m.m.)? Primært tilbod i fellesfag (vgs), men dersom det er kapasitet, kan dei gi tilbod i nokre programfag.
- **Korleis vert undervisninga lagt opp med tanke på elevane sine psykiske vanskar? Tall elever, gjennomstrømming**
- **Tall elever, gjennomstrømming?** Kor lenge kan dei vere i tilboden, kor går dei vidare?
- 20-30 elevar på sjukehuset, eit varierande tal akuttpalssar på institusjon. Ungdom i barnevernet har òg krav på heimeundervisning 10-15 timer i veka.
- **Anna det er relevant å informere om.** [Cornelia-stiftelsen](#) deler ut/finansierer utstyr (PC m.m.) og skulen distribuerer. 10 stykker i bruk nå. Rundskriv rett før sommeren frå Dep. Avdelingsleiar viser til skulen si Facebook-side: Sykehusskolen i Bergen. Møtet vert invitert til besøk. Avdelinga har 16,5 lærarstillingar, avdelingsleiar og Marit Leinebø. Avdelinga har eit samarbeid med Sandviken, og pasientar (innan psykiatrien) vert flytta dit etter dei har fylt 18 år. Det er tidvis eit dilemma om eleven er frisk nok eller syk nok til å motta undervisning. Det same gjeld skuleplass. OT er samarbeidspartner for å finne løysingar.

2. Spørsmål og diskusjon til innlegga

Det kom fram ulike syn på kva som eigentleg var oppdraget til gruppa. Møteleiar informerte om at saka skal opp i opplæring- og helseutvalet 17.10.2017, der politikarane tek stilling til sjølve bestillinga.

De eksisterande tilboda i fylkeskommunen må kartleggjast, og ein må sjå på dei totale rammene, både dei fysiske, pedagogiske og organisatoriske.

3 Vidare kartleggingsarbeid

Arbeidsgruppa vil arbeide vidare med kartleggingsarbeidet, og konsultere referansegruppa etter kvart.

4. Arbeidsmåte framover

Det vart informert i møte at arbeidet framover skal organiserast i ei arbeidsgruppe og ressursgruppe. I ressursgruppa kan ein hente inn andre ressurspersonar undervegs.

5. Møteplan

Neste møte i ressursgruppa 07.12.2017.